



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Gloppen hotell, Sandane  
**Dato:** 13.02.2024  
**Tidspunkt:** 10:30

---

Velkomen til det første møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2024-2027.

Møtet finn stad på Gloppen hotell på Sandane.

Vi satsar på å vere ferdige til klokka 14.30.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Tor Arne tlf. 90 19 24 71 eller Trygve tlf. 95 79 44 84.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Venleg helsing  
Tor Arne Hauge og Trygve Snøtun,  
Nasjonalparkforvaltarar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/24	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for perioden 2024-2027		2024/2147
ST 3/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 4/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 5/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om godkjenning av øvingsplan - 2024-2027 - Luster Røde Kors Hjelpekorps		2024/2040
ST 6/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel med helikopter for frakt av materialar og oppsetting av ny bru ved Lonene i Befringsdalen - Sørsida Indre Jølster Beitelag		2024/1946
ST 7/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om oppsetting av basestasjon - Gjetargut - Austerdalen - Øivind Skovly		2024/2045

## **ST 1/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**



Arkivsaksnr: 2024/2147-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 05.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	2/24	13.02.2024

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - konstituering for perioden 2024-2027

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret vert med dette konstituert, og vel følgjande blant styret sine faste medlem til leiar og nestleiar for perioden 2024-2027.

Leiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret er:

Nestleiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret er:

Valet av leiar og nestleiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av reviderte vedtekter, fastsett av Miljødirektoratet 19. januar 2024.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev datert 23.01.2024 frå Miljødirektoratet – Oppnemning av medlemmer til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret.
- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyret oppnemvnt i medhald av naturmangfoldloven § 62 – fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret, datert 14.03.2016

Miljødirektoratet har delegert mynde etter naturmangfoldlova § 62 andre ledd tredje punktum til å bestemme at eit særskilt oppnemnd organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfoldlova kapittel V, jf. forskrift av 8. januar 2021 nr. 65 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven og forskrift 12. januar 2021 nr. 82 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet.



Myndet omfattar også revidering av vedtektene til nasjonalpark-/verneområdestyra og instruksen til forvaltarane.

Etter kommunevalet hausten 2023 vart kommunane med areal i Jostedalsbreen nasjonalpark og Vestland fylkeskommune bedne om å nemne opp ei kvinne og ein mann til dei nye styra

Etter å ha motteke forslag frå kommunane og Vestland fylkeskommune, og i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova § 28, har Miljødirektoratet oppnemnt følgjande personar til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for perioden 2024-2027:

<b>Namn</b>	<b>Representerer</b>	<b>Rolle</b>
Andreas Wollnick Wiese	Luster	fast
Hege Lothe	Vestland FK	fast
Stig Ove Ølmheim	Sogndal	fast
Oddmund Klakegg	Sunnfjord	fast
Stine Fjellkårstad	Stryn	fast
Mariel Eikeset Koren	Gloppen	fast
Vidar Stavik	Stryn	vara
Marianne Bugge	Luster	vara
Baard Helle Bolstad	Gloppen	vara
Helge Stormoen	Vestland FK	vara
Gunnhild Olstad Bøyum	Sogndal	vara
Anne Kristin Lilleaasen	Sunnfjord	vara

Miljødirektoratet oppmoda i oppnemningsbrevet, datert den 19.januar 2024, forvaltarane om å kalle inn til konstituerande møte snarast råd. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Oppdaterte vedtekter for styret fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024 gjev føresegner om mynde til styret. Vedtektene er felles for alle nasjonalpark- og verneområdestyrer.

## **Vurdering**

Saka vert lagt fram utan vurdering og utan innstilling på leiar- og nestleiarvervet frå sekretariatet.

**ST 3/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**  
**ST 4/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker**



Arkivsaksnr: 2024/2040-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 07.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/24	13.02.2024

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om godkjenning av øvingsplan - 2024-2027 - Luster Røde Kors Hjelpekorps

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark gjev Luster Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannskøyring i perioden 2024-2027. Løyvet er gjeve i medhald av naturmangfaldlova § 48, første ledd. Løyvet gjeld aktivitet i tråd med godkjent øvingsplan slik det går fram av tabellen nedanfor:

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal køyretøy (snøskuter/ATV)	Tal dagar	Merknad
1	Veke 4 til veke 17	Kjentmannstur- Jostedalen	Bjønntegane - Viva - Styggevatnet - Sprongdalseggi - Austdalsbreen - Viva	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa

### Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Bruk av snøskuter skal avgrensast til ruta som er godkjent av Vest Politidistrikt, køyring skal vere i samsvar med øvingsplanen. Kjentmannsturen skal følgje traseane som er oppgitt i kartløysinga [Luster RKH - øvingsplan kjentmannsturar 2024-2027 - SARTopo](#)
- Køyringa, tal dagar og tal snøskuterar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt innanfor løyveramma.
- Kjentmannsturane skal samordnast med nabokorps og skredgruppa, slik at turane vert køyrt samla, i tråd med godkjend øvingsplan.
- Tal snøskuterar bør reduserast til 4 om ikkje turen blir samkøyrert med andre korps.
- SNO skal varslast seinast dagen før køyring, og vil kunne gi melding om det må takast spesielle omsyn. Køyring skal meldast til SNO ved Anne Rudsengen på mobilnummer 959 63 888. Varslinga skal merkast med vår ref. 2024/2040.





- Under køyring skal det takast særleg omsyn naturverdiar og evt. folk på tur i området. Dersom det blir observert villrein under køyringa, skal køyringa stoppast på god avstand til dyra har passert, evt. at ruta blir lagt om for å unngå unødig forstyrning av dyra. Det skal haldast ein avstand på minst 500 meter frå villrein.
- Snøskuterar tilhøyrande Luster Røde Kors Hjelpekorps skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøskuterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.
- Dato, tal på snøskuterar, tal turar og køyrerute skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter gjennomføring, og seinast innan 1. juni kvart år.
- Forvaltinga ber om at særskilte observasjonar vert teke med i rapporten.

Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. retningslinjer for kjentmannskøyning i verneområde.

Vi gjer merksam på at dette løyvet er handsama i medhald av verneforskriftene, og at evt. andre løyver må innhentast i tillegg.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka

- Søknad om godkjenning av øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps, 2024-2027, datert 12.01.2024.
- Øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps, 2024-2027, vedlegg, tilsendt 12.01.2024.
- Vedtak Vest Politidistrikt, øvingsplan for Luster RKH 2024-2027, vedlagt, tilsendt 12.01.2024.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, brev frå Klima- og Miljødepartementet av 15. mai 2020.

### Søknaden

Luster Røde Kors Hjelpekorps søker om å gjennomføre skildra øvingsplan. Det har i forkant av søknad vore møte mellom Luster Røde Kors, Luster kommune, politiet og forvaltarar frå Jostedalsbreen, Jotunheimen og Breheimen. Luster Røde Kors Hjelpekorps har i ettertid av møtet laga ein øvingsplan for åra 2024-2027, der målet er å vere godt førebudd på aksjonar ulike stader i kommunen.

For Jostedalsbreen nasjonalpark er det ein kjentmannstur som kjem innanfor vernegrensa, ID 1. Målet med den er å etablere ein trygg tilkomst på Austdalsbreen, lengst nord i Jostedalen. Kjentmannsturen skal er planlagt i tidsrommet veke 4 – 17, og ruta er Bjønnstegane – Viva – Styggevatnet – Sprongdalseggi – Austdalsbreen – Viva. I øvingsplanen er det planlagt med opptil 8 snøskutere og 4 dagar totalt i perioden. Politiet har godkjent kjentmannsturen.



Øvingsplan for Luster RKH 2024-2027							
Kontaktperson: Ove Fortun tlf. 915 34 180 Bjørn Hesjevoll Winge tlf. 975 73 701							
ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Verneområde / Villreinområde	Merknad/egen vurdering
1	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Jostedalen	Bjønnelagane - Viva - Styggevatnet - Sørongdalsøggi - Austdalsbreen - Viva	8	4	Jostedalsbreen, Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
2	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Jostedalen	Fåberg - Holmevatnet - Arentzbu	8	2	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
3	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Jostedalen	Myri - Geisdalshalsane - Kvitekoven - Holmevatnet, Myri - Vetlegeisdalen - Kvitkoven	8	4	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
4	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Jostedalen	Myri - Vardalen - Sperteggbu - Vangsen - Grånosi - Buskrednosi	8	2	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
5	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Jostedalen	Vigdalen - Buskrednosi - Kattøyra	8	2	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
6	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Luster	Engjadalen - Vorfjellet	8	4	Nei	Invitere med nabokorps og skredgruppa
7	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Luster	Harastølen - Grånosi - Jagershaug - Fiklenosi - Vorfjellet	8	2	Nei	Invitere med nabokorps og skredgruppa
8	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Berdalen - Middagshaug	8	2	Nei / villrein	Invitere med nabokorps og skredgruppa
9	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Dyrhaugsryggen - Skagalsalsbu	8	4	Jotunheimen/Villrein	Invitere med nabokorps og skredgruppa
10	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Kinsedalen	8	1	Nei / villrein	Ønsker samkjøring med SNO og Norsk Folkehjelp Årdal
11	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Nardsdalsseter - Harbardsbreen - Arentzbu	8	2	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
12	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Nardsdalsseter - Sota Sæter - Trufsbu - Medalsbu	8	4	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
13	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Ringsdalen - Lauvostind - Berdalsbreen - Turtagre	8	8	Jotunheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
14	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Simlenosi - Olavsbu - Leivassbu - Turtagre	8	4	Jotunheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
15	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Skogadalsbæen - Olavsbu-Turtagre	8	4	Jotunheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa. Før kvista løype.
16	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Sognefjellshytta - Nardsdalsseter-Turtagre	8	4	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa. Før kvista løype.
17	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Sognefjellshytta - Velle Utadalen - Gurdalen - Turtagre	8	4	Jotunheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
18	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Steindalsnosi - Farnakbreen - Kongsdalsnosi-Turtagre	8	4	Jotunheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa
19	uke 4 til uke 17	Kjennmannstur-Turtagre område	Turtagre - Nardsdalen- Stalsdalen via Kjerringhetta/Storevatnet - Turtagre	8	2	Breheimen	Invitere med nabokorps og skredgruppa

Vest politidistrikt har vurdert søknaden og vedteke godkjent øvingsplan.  
«Før øvingsplanen kan godkjennes må det også gjøres en vurdering opp i mot Naturmangfoldloven §§ 8 - 12. I den forbindelse er øvingsplan og kart over øvingsområder/ traséer oversendt følgende for uttalelse:


- Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Verneområdeforvalter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Verneområdeforvalter for Breheimen nasjonalpark
- Verneområdeforvalter for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Luster kommune

Uttalelsene derifra er tatt med i vurderingen av øvingsplanen.

### Øvingsaktivitet i verneområde

All øvingskjøring som kan legges utenfor et verneområde, **skal** legges utenfor et verneområde jfr. Miljøverndep. rundskriv 13/120. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet vil det være behov for Røde Kors å legge noe øvingsaktivitet inn i verneområder, og i praksis vil det bety kjentmannsturer i populære turområder hvor en må kunne forvente at det kan skje hendelser/aksjoner, herunder traséer mellom turisthytter. Dvs. at øving av ferdigheter/RK disipliner, skredøvelser, leiteaksjonøvelser m.m. skal skje utenfor verneområder.»

Vest Politidistrikt hadde ingen kommentarar til ID 1, som omfattar Jostedalsbreen nasjonalpark.



**Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991.



- Naturmangfaldlova, datert 01.07.2009.

### **Verneforskrift og verneføremål**

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til dyrelivet og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark.

*Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:*

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

I utgangspunktet er det forbod mot all motorferdsel i nasjonalparken, jf. Verneforskrift kapittel IV, punkt 4.1. Etter verneforskrifta pkt. 4.2 a) er reglane i pkt. 4.1 ikkje til hinder for mellom anna «*motorferdsel i samband med politi-, ambulanse- og redningsteneste. Øvingskøyring for ovannemnde føremål er ikkje tillate.*»

### **Naturmangfaldlova**

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med kjentmannskøyring krev løyve etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, jf. Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, 2020, og kan vurderast for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Søknaden skal vurderast etter naturmangfaldlova. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit som berører naturmangfald, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av vedtaket.

### **Presedens**

Det er fleire hjelpekorps som soknar til Jostedalsbreen nasjonalpark og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og dei har behov for «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Jostedalsbreen. Med bakgrunn i retningslinene om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og i verneområde, dannar ikkje kjentmannskøyringa presedens i andre saker.



## Vurdering

Den nordaustlege delen av Jostedalsbreen nasjonalpark er vinterstid relativt lite nytta friluftsområde, sidan det er langt næraste vinterbrøyta veg. Likevel er det nokre som nettopp difor vel å gå på tur i dette område. Utover seinvinter og vår kjem det noko fleire besøkande. Turar gjennom Breheimen, kryssing mellom aust og vest og «Josten på langs» kan alle nytte dette aktuelle område. Luster RKH hadde for nokre år sidan ein krevjande redningsaksjon i området kring Sprongdalseggi. Det er fleire faktorar som kan vere utfordrande i dette område; langt frå veg, høgt til fjells, regulert vatn (Styggevatnet 1200 m o.h.) og Austdalsbreen som kalvar i vatnet.

Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur. Det er derfor viktig at korpsa får gjennomført nødvendig kjentmannskøyting slik at rednings- og leiteaksjonar kan gjennomførast effektivt og med høg sikkerheit for eigne mannskap. Mange aksjonar skjer med deltaking frå ulike korps og etatar. Dette krev god koordinering og det er derfor viktig at redningstenesta også får høve til å gjennomføre kjentmannskøyting der fleire korps/etatar er involvert.

For omsøkte ID 1 i øvingsplanen er det liten del som er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Det kritiske for redningstenesta innanfor verneområdet er å finne ein trygg veg inn på breen. Austdalsbreen kalvar i vatnet, noko som gjer store sprekker i fronten. Ved å finne ein trygg veg opp på breen, vil redningstenesta kunne komme til store deler av den nordlege delen av Jostedalsbreen.

Samtidig er det viktig at øvingsaktiviteten tek omsyn til verneformål og verneverdiar, t.d. dyreliv innanfor verneområda. Kjentmannskøytinga må avgrensast til det som er strengt naudsynt både i tid og rom.

Forvaltingsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane kan vere i strid med formålet med vernevedtaket eller om det kan påverke verneverdiane negativt. Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet, og den frivillige redningstenesta er som nemnt viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Hjelpekorpsset og politiet har vurdert eit særleg behov for å drive kjentmannskøyting kring Styggevatnet og Austdalsbreen. Vest politidistrikt har også godkjent kjentmannsturen i dette område.

Naturverdiane i området er godt dokumentert både gjennom forvaltingsplan, bremålingar og etter mange års forvaltingspraksis, jf. nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget). Området er registrert som leveområde for villreinen i Reinheimen – Breheimen, og potensielt sommar- og haustbeiteområde. Det har vore få observasjonar av villrein kring Styggevatnet dei siste tiåra. Kunnskapsgrunnlaget for villrein er i seinare tid oppdatert gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein. Det er ikkje andre kjente artsobservasjonar kring nasjonalparken.

Motorisert ferdsel frå snøskuter vil kunne forstyrre fugl og vilt, og bør avgrensast til det mest naudsynte, jf. nml §10 (økosystemtilnærming og samla belastning). Kjentmannskøyting er del av den samla belastninga i desse områda. Av omsyn til verneformål og verneverdiar er det særleg omsynet til dyreliv og friluftsliv som bør vega tungt.

Føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9 er tillagt vekt ved at kjentmannskøytinga er avgrensa i tid og rom (tal turar og tal ruter i området), og med vilkåra som blir sett for løyvet om at det skal takast omsyn til evt. villrein i området.



Kjentmannskøyering i tråd med godkjent plan frå nasjonalparkstyret, vil truleg ikkje føra til miljøforringing, og nml. § 11 (kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar) er difor ikkje vurdert i denne saka. Snøskuter er den mest aktuelle transportmetoden for redningsoppdrag, og må difor nyttast på kjentmannsturane. Det er normalt mykje snø i den perioden som politiet har godkjent kjentmannskøyering, og det er liten fare for køyreskade på bar mark. Med vilkåra som vert sett for løyvet vert køyringa vurdert som miljøforsvarleg sett i høve formålet jf. nml § 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar).

Konklusjon:

Med dei vilkåra som er sett for godkjenninga frå Vest politidistrikt og for dette løyvet, samt vurderingane etter nml. §§ 8 – 12, meiner forvaltar at kjentmannsturen ikkje er i strid med verneformålet, og at dei ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad. Det vert difor tilrådd løyve til kjentmannsturen ID 1 til Austdalsbreen med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd. Dersom villreinen har tilhald i området på det tidspunktet kjentmannsturen er planlagt, må det vurderast å utsetje kjentmannsturen.



Arkivsaksnr: 2024/1946-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 07.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	6/24	13.02.2024

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel med helikopter for frakt av materialar og oppsetting av ny bru ved Lonene i Befringsdalen - Sørsida Indre Jølster Beitelag

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalen nasjonalparkstyret gir løyve, i medhald av verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3.strekpunkt, til oppsetjing av ei ny bru ved Lonene i Befringsdalen som skissert i søknad.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Av omsyn til potensielt hekkande våtmarksfugl i området må transport av materialar og bygging av bru skje etter 15.august.
2. Tredekket på brua skal vere av malmfuru eller liknande, ikkje av trykkimpregnerte materialar.
3. Tiltakshavarane, Sørsida Indre Jølster Beitelag, har eigarskap og vedlikehaldsansvar for brua
4. Restar etter den gamle brua skal samlast opp og fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak
5. Det skal sendast inn rapport til nasjonalparkstyret etter at tiltaket er ferdigstilt, seinast innan 1.november 2024.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir og løyve, i medhald av verneforskrifta sin § IV punkt 4.3, 2.strekpunkt, til motorferdsel med helikopter i samband med frakt av materialar til bru og retur frakt av gamle brurestar ut av nasjonalparken.

Løyve til motorferdsel vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Inntil 3 helikopterhiv inn til Lonene, med føremål å frakte materialar og utstyr inn og ta restar av den gamle brua ut att.
2. Flyginga skal skje i perioden 15.august – 20.oktober 2024.
3. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftsliv.
4. Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge (tlf 90 19 24 71) varslast pr. sms eller telefon.



## Saksopplysningar

Sørsida Indre Jølster Beitelag v/Øystein Årdal søkte 27.01.2024 om løyve til å setje opp att ei ny bru i Lonene inst i Befringsdalen, som erstatning for den gamle brua som vart knekt av snø vinteren 2022/23, sjå figur 1.



Figur 1 Noverande bru, slik den låg 23.07.2023


Brua ligg over elva som kjem frå Bresanden inst i Befringsdalen sjå figur 2. Det har vore bru på denne staden sidan midt på 1980-talet. Befringsdalen er eit viktig beiteområde for storfe og sau, over 100 storfe og fleire hundre sau beiter i dalen kvart år. Brua er viktig for tilsyn og sanking av dyr som går på beite inst i dalen.

Den nye brua er planlagt plassert på same stad som den gamle brua låg. Den gamle brua var bygd av 3 kreosotstolpar med strø over. Den var forankra til bakken med stålstenger. Lengde på brua var om lag 6 meter, og breidda om lag 60 cm.

Den nye brua er tenkt bygd med 2 ståldragarar på 6 meter med strø over, sjå figur 3. Ståldragarane vert stabiliserte i endane, dei vert skrudde saman slik at dei ikkje skal vippe ved stor belastning. Ståldragarane skal liggje på fundament av stål. Undersida av fundamenta skal bestå av ei plan flate på 1x1 m mot underlaget. Høgde på fundamentet vert om lag 40 cm. Det vert stigtrinn som ein del av konstruksjonen. Fundamentet skal forankrast i bakken med stålstenger, som på den gamle brua.


Transport av materialar til ny bru er tenkt utført med helikopter. Beitelaget sendte 02.02.2024 inn søknad om motorferdsle i nasjonalparken, for transport av materialar til bru. Trasé for flyging vert frå enden av Befringsdalen skogsveg til Lonene i Befringsdalen, sjå figur 4. Det vert søkt løyve om inntil 3 turar i perioden 1.juni – 15.august.






Figur 2 Kartskisse som viser plassering av brua

### Skisse ny bru



Figur 3 Skisse av ny bru



Figur 4 Kartutsnitt med planlagt trasé for flyging

Sommaren 2023 starta arbeidet med å utforme ein skjøtselsplan for kulturlandskapet i Befringsdalen. Planen er ikkje ferdig, men konsulenten utformar skjøtselsplanen har i samtale med nasjonalparkforvaltar stadfesta at tiltak som legg til rette for å framleis beitebruk i beitemarkene Befringsdalen vil vere positivt for kulturlandskapet, både utanfor og innanfor nasjonalparkgrensa. Redusert beitebruk trugar mange stader det opne landskapet i stølsdalane rundt Jostedalsbreen.

Det vart i 2009 gjort observasjonar av vipe i området ved Lonene. Observasjonen vart gjort i hekkesesongen og åtferda til fuglen kunne tyde på ei mogeleg hekking i området. Vipa er i dag kritisk truga (CR) i den norske raudlista.

Det er registrert eit eldre funn av ansvarsarten fjellmarinøkkel (O. Befring 1961) i fjellskråninga aust for Lonene, under Kvannebakknova. Bestanden av fjellmarinøkkel er i *Den norske raudlista for artar 2021* karakterisert som livskraftig (LC), men det er i omtalen av arten nemnt at «...Den er trolig er noe tilbakegang i fjellstrøk på grunn av opphørt utmarksbeite.» Orkideen kvitkurle, som i raudlista er karakterisert som Sårbar (VU), er og funnen i området inst i Befringsdalen.



## Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, tredje strekpunkt) bygging av bruer og klopper. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I tråd med naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Brua i Lonene inst i Befringsdalen er viktig for beitebrukarane i området, då den lettar tilsyn og sanking av beitedyra. Å halde oppe beitebruken i området er viktig for å ta vare på det opne landskapet i området. Redusert beitebruk vil på sikt kunne vere eit trugsmål både for flora og fauna i området. Forvaltarane meiner difor at det er positivt at det vert lagt til rette for framleis beitebruk i dei indre delane av Befringsdalen.

Både den raudlista arten kvitkurle (VU) og den norske ansvarsarten fjellmarinøkkel (LC), som begge er registrert i dei indre delane av Befringsdalen, kan verte påverka negativt av redusert utmarksbeite. Såleis vil tiltak som bidrar til framleis beitebruk i området kunne vere positivt for bestandar av desse plantene i Befringsdalen.

Vipe, og andre bakkehekkande fuglar, er avhengig av opne område. Framleis beite av storfe og sau vil difor kunne vere positivt for fuglefaunaen i området. Dei bakkehekkande fuglane er sårbare for auka ferdsel og aktivitet i hekketida. Eventuell forstyrning av hekkande vipe (CR) vil vere særleg uheldig, men også andre artar som trivst i våtmark og myr, t.d. raudstilk, strandsnipe og andre vadarar. Den sårbare perioden er frå 25.mai til 15.august. Det betyr at auka ferdsel og aktivitet i samband med bygging av ny bru bør skje etter hekketida, for å redusere sjansen for å uroe av hekkande fugl.

Bortsett frå brua er det ingen andre større inngrep i området. Det er ikkje nokon merka sti i tilknytning til brua.

Kunnskapen om området er god, og det er ikkje registrert biologisk mangfald som vil kunne vere skadelidande av det omsøkte tiltaket så lenge tiltaket vert utført etter den sårbare hekketida (nml § 8 og § 9). Så lenge aktiviteten i samband med flyging og oppføring av ny bru ved Lonene skjer etter 15.august er det ikkje venta å føre til auka belastning på økosystemet. Samla belastning på økosystemet vert difor vurdert som liten (nml § 10). Kostnadane ved miljøforringelse (nml § 11) er lite aktuelt i samband med dette tiltaket. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at restane kreosotstokkar og anna impregnert trevirke frå den gamle brua skal flygast ut av parken og leverast på godkjent mottak. Det ikkje skal ligge att materialar eller anna ved brua etter at arbeidet er gjennomført. Det bør og setjast som vilkår at trematerialar i den nye brua skal vere av malmfuru eller liknande, ikkje trykkimpregnert.



Arkivsaksnr: 2024/2045-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 07.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	7/24	13.02.2024

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om oppsetting av basestasjon - Gjetargut - Austerdalen - Øivind Skovly

### Innstilling frå forvaltar

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev Øivind Skovly løyve til å sette opp 1 basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det kan setjast opp ein basestasjon på avmerkt område i kartet, altså sørvest av Breasandane, posisjon 61.5610173, 6.9789584, kring 512 m o.h. Basestasjonen skal plasserast innan for ein radius på 50 meter ut frå punktet på kartet, der tiltakshavar skal finne best mogleg plassering med omsyn til minimal silhuettverknad og god mobildekning.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.


Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Basestasjonen kan festast i fjellet med 12 mm bolt til søylefot til mast, samt inntil 4 boltar på 8 mm i diameter til barduner.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Alle boltar skal då skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre gardbrukarar/beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- I forkant av oppsetting skal forvaltar kontaktast for å avklare nøyaktig plassering av master. Om høve vil forvaltar vere med på oppsetting.

Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld fram til 30.07.2024.



Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrift og verneverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark. Tiltaket må i tillegg ha naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklarast med Luster kommune om tiltaket er søknadspliktig.



Kart med plassering av basestasjonar og dekningsgrad i terrenget. Den nordlegaste basestasjonen er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark.

## Dokument i saka

- Søknad om oppsetting av basestasjon i Jostedalsbreen NP for radiomerking av beitedyr frå Øivind Skovly, datert 28.12.2023



- Dekningskart ved oppsetting av basestasjonar i Austerdalen frå Gjetargut, vedlegg til søknad, datert 28.12.2023.

## Saksopplysningar

Under er søknad forfatta av Øivind Skovly.

«Viser til hyggelig samtale tidligere i høst om utplassering av antenne for mottak av signaler fra e-bjelle til sau fra Gjetargut på Breasandane i nasjonalparken i Austerdalen. Har lagt ved dekningskart som viser plasseringen av antennen. Antennen er rundt 2 m høy og vil bli satt opp om våren og tatt ned om høsten. Plassert på ca 512 moh på en hylle under et svaberg, se dekningskart.

Vi hadde i sesongen 2023, 334 søyer med lam som beitet i Austerdalen/Tungestølen/Langedalen. Siden oppstart med sau i 2018 har vi hatt utfordringer med alveld på sauer som beiter i Austerdalen vest med dertilhørende store funn av kadaver gjennom beitesesongene. Sauene mister pels, utvikler åpne sår i rygg og hoderegion, blir lysskye og søker mørke steder det er vanskelig å oppdage de før det er for sent. I 2022 prøvde vi ut 10 gps-bjeller der vi fanget opp flere tilfeller med sau med alveld som vi hentet ut da vi fikk melding om lite bevegelse på sauen. Utfordringen med gps-bjellene er i dag abonnenmentsprisene, sendingsintervallene og nøyaktigheten grunnet terrenget som gjør at bjellene ofte forsvinner fra kartet i flere dager, noen helt, derfor ønsker vi å satse på Gjetargut sitt system med basestasjonar med mindre «skygge»områder. For at vi skal få dekning i Austerdalen øst og i Røisedalen trenger vi da en antenne i nasjonalparken i Austerdalen. Gjetargut har gjort flere simuleringer for å finne best mulig dekning, også utenfor nasjonalparkgrensene, men får da «skygge»områder uten kontakt med e-bjellene. Derfor vil vi med dette søke om å få sette opp en antenne på Breasandane sv, ca 512 moh, 61.5610173, 6.9789584.

Antennen er rundt 2 m høy, festes i en fot til fjell/stein og støttes med 3-4 wireliner. I bunn av antennen er en boks med et batteri med solcellepanel og gateway for sending av signaler. Antennen vil bli tatt ned om høsten og satt opp om våren.

Håper på positiv tilbakemelding.»

Søkjar har lagt ved eit dekningskart som viser dekningsgrad for oppsetting av to master i området ved Tungestølen, der den eine er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er mange gardbrukarar med dyr på beite i dette området som potensielt kan nytte same systemet. Gjetargut er eit system som dei siste åra er nytta av mange andre gardbrukarar i Luster kommune. I all hovudsak har det vore positive tilbakemeldingar, og stadig fleire område har nytta same systemet. Også andre beitedyr enn sau kan nytte systemet. Det har vore noko utfordringar med basestasjonar, særleg vinterstid. Søkjar ønskjer å ta ned antenna om hausten, og slik vil utfordringa kunne omgåast.

Det er særleg to fordelar med elektronisk merking av beitedyr som vil lette arbeidet og gjere det meir føreseieleg for gardbrukarar.

1. Gardbrukar får melding om når dyr dør (ingen rørsle) eller er uroleg. Som søkjar påpeikar har det vore utfordringar med alveld i Austerdalen. Elektronisk merking vil kunne gjere at tiltak kan settast inn tidlegare. Det er viktig å finne att dyr for å dokumentere eventuell



dødsårsak. Nokre år er rovdyr ei utfordring, så ei tidleg varsling kan gjere gardbrukarane høve til å gjere tiltak for å minke tap, t.d. tidlegare sanking.

2. Meir effektiv sanking av beitedyr. Det er store fjellområder der dyra er på beite. Ved å kunne gå meir målretta i fjellområda etter dyr, vil det spare gardbrukarar mange arbeidsdagar under sanken. Ein slepp uvissa når ein ikkje finn dyr, om dei er døde eller står att i fjellet. Det kan komme snø i fjellet i sankeperioden, noko som gjer det krevjande.

Systemet som er planlagt sett opp er Gjetargut ([www.gjetargut.no](http://www.gjetargut.no)). Systemet er laga for områder med dårleg eller utan mobildekning. Det er ein klave som festast på beitedyr som sender posisjon med radiosignal ein eller fleire gonger i døgnet til ein basestasjon. Basestasjonane må ha mobildekning for å sende data vidare til telefon eller PC. For å få best mogleg dekningsgrad i kupert terreng, må det ofte fleire basestasjonar til.


Basestasjonen er kring 2 meter høge. Foten til basestasjonen må borrhast i fjell med eit 12 mm bor. Basestasjonspålen støttast opp av inntil 4 barduner som festast i fjell med 80\*8 mm boltar. På masta er antenne, batterikasse og solcellepanel festa (sjå bilete figur 1).



Figur 1: Bilete henta frå [www.gjetargut.no](http://www.gjetargut.no)

Basestasjonane er enkle å sette opp og det skal vere lite vedlikehald. Systemet er godt uttesta andre stader med krevjande klima.

Basestasjonane må plasserast i område med mobildekning. Dette gjer mange plasseringar ueigna. Gjetargut har forsøkt å finne dei mest eigna plasseringane, med færrest mogleg basestasjonar som gjev best dekning av beiteområda. For å få mobildekning og dekke så stor del av beiteområde som mogleg, ønskjer ein å plassere den eine basestasjonen innanfor verneområdet. Ein vil kunne styre plasseringa noko i forhold til å få minst mogleg uheldig påverknad på landskapet.



Figur 2: Kart med ønska plassering av basestasjonar og dekningsgrad i terrenget. Den nordlegaste basestasjonen er innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått laga skjøtselsplan for områda kring Tungestølen, inkludert Austerdalen, det siste året. Dette er nå stort sett ferdig og har skildring av området. Dalbotn er ei stor, ope breelvslette, som gjennom lang tids bruk er definert som ei naturbeitemark. Det er vidare tilrådd å forsette med minst like mykje beiting for å ta vare på dei kulturprega naturtypene i området.

Det er ingen kjente observasjonar av raudlisteartar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av tiltaket, og ikkje registrert hekkelokalitetar i aktuelle områder, så biologisk





mangfald vil ikkje så langt ein kan sjå bli påverka, jf. kapittel IV, punkt 2 i verneforskrifta. Området det er planlagt å sette opp basestasjonen er kartlagt som skredmateriale i lausmassekartet.

I Austerdalen er det ein populær sti som følgjer dalbotnen nedanfor planlagt basestasjon. Stien er den mest brukte for besøkande i Veitastrond med utgangspunkt frå DNT si hytte på Tungestølen. Det er lite trafikk utanfor stien og opp i fjellsida, der basestasjonen er plassert.

Det er fleire beitelag i Luster kommune som nyttar Gjetargut i dag, og dei er positive til systemet. Første gong det vart omsøkt basestasjon til Gjetargut, skreiv dåverande fagleiar landbruk i Luster kommune følgjande uttale:

*«Bruk av radiobjøller kan gi sauebøndene i området raskare klarheit i byrjande rovdyrangrep og slik raskare tiltak for å hindra tap av beitedyr. Radiobjøller er også eit godt verktøy ved tilsyn og sanking av beitedyr og lettar bruken av beiteområdet generelt. Vi har elles lite erfaring med bruk av radiomaster for signalforsterking, men er generelt positive til teknologi som gir god oversikt over beitedyra i fjellet.*

*Vi vurderer at overvakingsteknologi på beite har godt potensiale for å gi auka lønsemd i beitebruken og betra dyrevelferd for husdyra.»*

## Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 20. oktober 1991.
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009
3. Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

## Verneformål – forskrift

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna anlegg og boring som dette tiltaket kjem under, jf. kapittel IV, punkt 1.1 i verneforskrifta. Det er ingen opning i verneforskrifta for oppsetting av master for elektroniske bjøller til sau og tiltaket må difor vurderast etter § 48, dispensasjonsheimelen, i naturmangfaldlova.

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel 7.2.1 går det fram at mange stader er kulturlandskapet prega av attgroing, og at noko av årsaken til dette er for lite beiting. Grunneigartiltak som tek vare på det gamle kulturlandskapet ser vi positivt på.



## Naturmangfaldlova

Sidan det ikkje er opning for tiltaket i verneforskrifta, må tiltaket vurderast etter dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova, § 48, første ledd. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre må då vurdere om tiltaket strider mot vernevedtakets føremål og om det kan påverke verneverdiane monaleg. Dersom det ikkje gjer det, kan styret godkjenne tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal vurdere om oppsetting av 1 mast for elektroniske bjøller på beitedyr kan gjevast løyve til etter naturmangfaldlova § 48, der lova seier at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til tiltak som ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane monaleg. Statlege føringar seier at dispensasjon etter § 48 skal vurderast strengt.

I verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.1, går det fram at landskapet er verna mot alle inngrep, her også omsøkt tiltak. Verneføremålet med nasjonalparken omfattar vidare mellom anna vern av kulturlandskapet. Både forvaltingsplan og kommande skjøtselsplan for området viser at det er tendens til attgroing av kulturlandskapet. Det viktigaste tiltaket for å ta vare på kulturlandskapet er beitedyr. I Veitastrond er det fleire gardbrukarar som nyttar områda kring Tungestølen til sommarbeite, og slik potensielt mange brukarar av elektroniske bjøller.

Gjennom sitt system lagar Gjetargut dekningskart for det aktuell beiteområde. For å få betre signal i Austerdalen, og særleg Røysedalen, er det føreslege ei mast innanfor nasjonalparken og ei utanfor. Området der masta er planlagt er bratt, og søkjar vil ta ned mast om hausten. Då er den mindre utsett for øydelegging av vind, snø og skred. Radiomasta festast med ein bolt (12 mm) i fjell, med opptil 4 wirebarduner som borrhast fast i fjell. Permanent avtrykk er 5 boltar som kan kappast ned til fjellet om installasjonen blir fjerna, noko som gjer tiltaket tilnærma reversibelt.

Austerdalen har kulturtinga naturtypar som er ønskjeleg å oppretthalde. I skjøtselsplanen for Tungestølen er det viktigaste tilrådde tiltaket at beitepresset bør oppretthaldast minst på same nivå som i dag. Søkjar har over fleire år hatt relativt stort dyretap på beite. Med betre overvaking av dyra vil det vere enklare å sette inn tidlege tiltak, anten det er sjukdom eller rovdyr. Vidare vil sanking bli enklare og uvissa mindre hos bøndene som nyttar elektroniske bjøller, samstundes som det vil vere bra for dyrevelferda. Betre overvaking av dyr på beite vil gjere kvardagen enklare for bonden, og slik vere ein faktor for å sikre at dyr også nyttar utmarka i Austerdalen i framtida.

Verken gjennom forvaltningserfaring eller registrerte observasjonar av naturmangfald kan forvaltar sjå at omsøkt tiltak vil påverke artar eller økosystem.

Løyve til å etablere basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarande saker kring Jostedalsbreen nasjonalpark. Samtidig er beitedyr i området positivt for å halde



kulturlandskapet ope, og tradisjonelt landbruk er såleis bra for verneføremålet om å verne kulturlandskapet.

Ei mast på kring 2 meter vil likevel vere eit framandelement i Austerdalen. Området er mykje nytta av besøkande som vil oppleve det mektige landskapet med fjell og bre. Tradisjonelt friluftsliv er ein del av føremålet med nasjonalparken, og ein teknisk installasjon vil kunne opplevast som negativt. Radiomasta er planlagt kring 200 høgdemeter over dalbotnen der stien til Austerdalsbreen ligg. Ved ei oppsetting vil ein kunne justere plasseringa noko slik at masta blir minimalt synleg for folk som besøker området.

Kunnskapen om området er kjent gjennom mange år med forvaltningserfaring, forvaltingsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark og ny skjøtselsplan (snart ferdig). Det er ikkje registrert raudlisteartar i planlagt område for oppsetting av mast. Det er ikkje registrerte kulturminne i område der basestasjonen er planlagt. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdera denne saka, jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9, er difor tillagt liten vekt. Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet, jf. nml. § 10. Basestasjonen vil vere eit nytt teknisk inngrep. Dette er relativt små installasjonar som vil vera lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Plassering av mastene kan ta omsyn til den mest nytta turstien i området. Stasjonane vil koma innanfor eit område som er markert som inngrepsfritt område (INON). Basestasjonane er relativt små installasjonar, og blir difor ikkje rekna som tyngre installasjon som endrar definisjonen på område som eit inngrepsfritt område.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, med unntak av mindre boltar i fast fjell. Sidan desse kan kappast jamnt med fjellet blir det bli minimalt med sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som reversibelt. Ved å plassera basestasjonen slik at dei er lite synleg frå turstien i området, og med minst mogleg silhuett-verknad, vil den vera til liten skade for friluftslivet. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonen ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og ikkje vere i strid med verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om tiltaket fører til at gardbrukarar held fram med å ha beitedyr i Austerdalen, vil det heller vere med å styrke verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

## Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar at tiltaket ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje vil påverke verneverdiane monaleg, jf. nml § 48, første ledd, og tilrår dispensasjon med vilkår til tiltaket om 1 basestasjon for elektroniske bjøller innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark.

